

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.	Fylke:	Nordland.
Tilleggsspørsmålnr.	Herad:	Rødøy.
Emne: Brynet.	Bygdelag:	Storselsøy.
Oppskr. av: T. K. Heen,	Gard:	-"-
(adresse): Nordværnes.	G.nr.	2.
	Br.nr.	

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Spursm. 1.

Det vanlege ordet ~~for~~ er bryne for grov hein og hein for finare bryne. (Blåhein)

Det vanlege ordet er å heine -l)jåen, men det brukes også å bryne eller kvette(l)jåen. (Å kvette trur eg er eit ord som er kome inn i bygda med innfluttarar frå Romsdalen.-

Spursm. 2.

Det brukes både stypte bryne og bryne av naturstein.

Finare heinstein kom truleg frå Finnmark. Underskrivne har funne fin blåheinstein i ei båtstø på Storselsøy. Steinen har truleg vore brukt til barlaststein på heimturen frå Finnmark. ~~I jokkarbølar~~

Bryner vart også kjøpt i Bergen (Bern) og førd til Rødøy med Bergensjektene.- Trur ikkje det finnes brynestein i Rødøy.

Spursm. 3.

Trur all reidskapen først vert slipa på slipestein og sidan kvest med ei hein.

Spursm. 4.

So vidt eg kjenner til, er det ingen i Rødøy som minnes nokon annan måte å kvesse (l)jåen på enn å slipe han på ein slipstein.

Spursm. 5.

Slik Stein har ikkje eg høyrd om er i bruk i Rødøy. Det likevel ikkje umogleg at det av og til kan vera tatt opp i torvgrefta ein brynestein som ein gnudde spaden på når han vart for ukvass.-

Når folk slo ute på øyane - langt frå heimen - vart det alltid tatt med ein liten slipestein.

Spursm. 6.

(L)jåen vert slipa til frukost(kl.9), middag (kl.12) til nons(kl.17) og til kvelds(kl.21).

Spursm. 7.

Det er mange no som bruker å heine (l)ljåen først med ei grov hein og sidan med ei finare hein eller bryne.

Brynstikka høyrdé eg nemnd var i bruk på Storselsøy i gamal tid. Han som fortalte det var truleg fødd kring 1810. Og medan han vaks opp, var det ikkje anna bryne i bruk på Storselsøy enn brynstikka. Ein mann Nils Nilsa (Nilsen) som flutta frå Storselsøy til Jovika i Sørnesøy (Lurøy kommune) hadde brynstikka med seg og tok ho i bruk på denne nye heimstaden.

Herr Ole Gullesen, Sørnesøy fødd 1872 fekk sjå brynstikka eller heinstikka hos han Nils Nilsa. Gullesen har vore så beinsam at han har skrive til meg og gitt meg dei opplysningsane han sat inne med vedk. denne reidskapen.- Etter oppmoding frå meg skriv han:

" Jeg kan kanskje hjelpe deg lidt med hvad du spør om. Den omskrevne Heinstikka eller Brynestikka, som den også kaltes, var tillaget av almindelige tresorter, så som gran eller furutre. Den var av lengde ca. 50 cm. iberegnet håndtaket. Håndtaket var nok en 10 - 12 cm. Den øvre delen som tjente som bryne, var omlag 3. cm. bredt og ca. 1.cm. tykt. Det var avrundet til begge sider så det kunde nesten se ut som et gammelt sverd. Denne delen var påsmurt med tjære og sand. Tjæren måtte kokes til den var tykk som bek, og deri kom sand. Det bruktes som regel slipestein-sand. Hvis man hadde gamle slipesteinstykker, knustes disse til fin sand, men den måtte være fri for skarpe steiner.

Denne blanding av tjær-bek og sand smurtet på stikka. Dette beket måtte være såpas hardkøkt at når det var blitt tørt, ikke solen kunde tine det opp i varmt vær, så det randt bort av stikka. Tjærebeket måtte heller ikke være for hardkøkt så det brast i kaldt vær.-

Brynstikka var et godt bryneredskap, dog ikke hvis ljåen blev steinhugget, da måtte man som regel slipe eller bruke steinbryne." Brynstekke vart til vanleg kalla Slerræ.

Spursm. 8.

Det er mange som tar ljåen ut av orvet medan dei sliper, dersom dei har ei binding som er lett å feste ljåen med.- So vidt eg veit, held dei eggja mot seg medan dei slipar ein ljå som er tatt ut av orvet.

Spursm. 9. nedre

Øvre enden av orvet står i marka og ~~denne~~ enden -der ljåen er festa - kviler mot ~~den~~ sida under vinstre armen. Odden av ljåen peikar framover.

Spursmå. 10.

Brynstokken var ikkje i bruk til vanleg. Men ein og annan slottekaren brukte den. Eg har i mine unge dagar sett brynstokkar av både kopar, sink, tre og ler. Dei måtte vera vasstette, og dei vart hengt etter ein krok på beltereima attom høgre hofta. Dei vart fyllt så pass-eleg med vatn, så brynet heldt seg vått når det var sett i brynstokken.-

Om brynstokken skriv Ole Gullesen, Sørnesøy.

" Brynstokken var mindre brukt her, men jeg har nok sett et par stykker av den likevel. En ene jeg så var laget av tre, den andre var laget av ler. Den som var laget av ler, så ut som en stor knivslire, men meget større, især i vidden. Den var sydd sammen og innsatt med tjære så den var vanntett. Det skulle jo være vann i den til stadighet, så brynet kunde holde seg vått.

Den andre som var laget av tre, var sammensatt

2.

av to deler som var utholket. Når de vart sett mot hver andre blev det et tomrum stort nok til å rumme bryne og vann. Når de to halvedeler var satt mot hverandre, så stokken ut som en liten tønde, fordi de to deler som var stiftet sammen var belagt med småe jarnband for å holde den vanntett."

Brynstokken hadde fleire namn:

1. Brynstokk. 2. Heinslire. 3. Brynslire. 4. Heinlomme
5. Brynelomme. 6. Heinstokk.

Spursm. 11.

Brynstokkar av okse- eller kuhorn kjenner eg ikkje til har vore i bruk her i Rødøy.

Spursm. 12.

Etter ein krok på baksida av den høgre hofta.

Spursm. 13.

Ja. alle bryner vert fukta. Det brukes mange gonger no ei bøtte vatn på slotteteigen som brynene vert sett ned i.-

Spursm. 14.

Har høyrd desse namna: Heingrus og Heinsværtæ.

Spursm. 15.

Har ikkje høyrd at heinsværtæ har vore brukt mot ringorm.

Spursm. 16.

Ein einaste mann har eg kjent som brukte heinsværtæ til medisin. Når han hadde tung slotte - tjukt gras - sa han at han fekk ondt i underlivet. Men når han smurte underlivet i heinsværtæ vart han bra igjen. Mannen er no død for nokre år sidan.-

Spursm. 17.

At brynet skulde bli betre når det hadde lege i jorda eller i ei ~~memma~~ " memmaurtuva " har eg aldri høyr.

Spursm. 18.

Har aldi høyrd noko om at brynet snakka.

Spursm. 19.

Har høyrd mange har sagt " tvi ". Men eg trur ikkje dei meinte noko med det.

Spursm. 20.

Har ikkje høyrd om slike ramser eller viser.

Nordværnes, den 3. april 1947.



T. K. Heen /